



# **Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026**

**Avgrensa revisjon**

**Planprogram**

**14.04.2021**

## Forord

Kommunestyret vedtok i møte den 05.05.20 (KS 025/20) ved behandling av planstrategi for Time kommune 2020-2023 at Kommunedelplanen for Bryne sentrum 2015-2026 (sentrumsplanen) skal ha ein avgrensa revisjon. Revisjonen blei òg varsla ved behandling av overordna parkeringsløyising for Bryne sentrum i kommunestyret sitt møte den 18.02.2020 (KS 003/20).

Ein kommuneplanprosess startar med at ein varslar planoppstart og at det skal lagast eit planprogram. Eit planprogram skal tydeleggjera og avklara kva kommunen i planarbeidet vil arbeida med, kva tema planen skal konsentrera seg om.

Programmet har ei viktig rolle i å definere og avgrensa omfanget av planen.

Kommunedelplanen blei vedtatt den 13.09.2016, og er eit godt og oppdatert styringsverktøy for utvikling av Bryne sentrum. Sidan sentrumsplanen blei vedtatt er det berre avdekka tre tema kor ein ser det er behov for revisjon. Dette gjeld:

1. Samordna Kommunedelplanen for Brynes sentrum 2015-2026 med overordna kommuneplan for Time kommune 2018-2030 - Fase 1 (godkjent den 17.12.2019, KS 086/19)
  - Geografisk avgrensing av planområdet.
  - Føresegner og retningslinjer, i all hovudsak føresegner om handtering av overvatn (Kap. 4 i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel 2018-2030, Fase 1)
2. Vurdering av konsekvensar av prinsipp saker etter at sentrumsplanen blei godkjent.
3. Vurdering av løyising for parkering i Bryne sentrum, inkludert ferdigstilling av ein gatebruksplan og konsekvensar for Storgata som gågate, etter at prosjektet om ein fjellhall blei skrinlagt. Kor aktuelt vil også temakarta kunna bli reviderte.

Det opnast ikkje for revisjon av andre tema.

Andreas Vollsund  
ordførar

Trygve Apeland  
Kommunedirektør

## 1. Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å revidera gjeldande Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026 slik at den, kor dette er aktuelt, blir samordna med overordna Kommuneplan for Time kommune 2018-2030, Fase 1, godkjent den 17.12.2019.

Dette gjeld primært den geografiske avgrensinga og tema klimatilpassing, handtering av overvatn.

Gjennom politisk behandling av nokre forslag til reguleringsplanar har det vore prinsippavklaringar som ein og ønskjer å vurdera konsekvensane av for gjeldande sentrumsplan.

Løysing for parkering i Bryne sentrum vil bli vurdert på nytt etter at prosjektet om ein fjellhall blei skrinlagt. Eventuelle konsekvensar for Storgata som gågate, samt eventuelle konsekvensar for handlingsprogrammet vil òg bli vurdert.

Gatebruksplanen vil bliferdigstilt.

## 2. Plantema


### Samordning Sentrumsplanen og overordna kommuneplan 2018-2030

#### *Geografisk avgrensing*

Ønske om å redusera området kor sentrumsplanen skal gjelda, blei allereie omtalt ved behandling av sentrumsplanen. Grunna plantekniske årsaker har det ikkje vore mogleg å gjera dette før etter at Kommuneplanen 2018-2030, Fase 1, blei vedtatt. Avgrensinga vil òg bli endra i temakarta. Endringa er av teknisk art. Det vil bli føretatt ein kvalitetssikring for å sjå om alle relevante føresegner, retningslinjer og omsynssoner, som t.d. vil kunna gjelda kulturminne, er tatt inn i overordna kommuneplan.



*Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026*



*Kommuneplan for Time kommune 2018-2030 -Fase 1*

## *Handtering av overvatn*

I kommuneplanen sin arealdel 2018-2030, Fase 1, er det tatt inn omfattande føresegner for å kunna handtera overvatn. Desse er svært viktige for å redusera skadar eller store investeringar i vass- og avløpsnett, ikkje minst i sentrum. Desse må difor innarbeidast i sentrumsplanen slik at dei òg gjeld i sentrum. Det vil bli vurdert om det er behov for å tilpassa føresegnene frå overordna kommuneplan 2018-2030 til forholda i sentrum.

## **Prinsippavklaringar**

Gjennom politisk behandling av nokre forslag til reguleringsplanar har det vore prinsippavklaringar som ein ønsker å vurdere konsekvensane av for gjeldande sentrumsplan. Dette gjeld til dømes tolking av %BRA (KS 088/18 og KS 012/19 ) kor det er behov å presisera i føresegnene at berekninga skal gjerast i tråd med Tek17 og nasjonal rettleiar for Grad av utnytting (H-2300). Eit anna døme er avvik frå krav som er sett når ein har lov å nytta fritaksordninga for Minste felles uteopphaldsareal (MFUA)», jf. LOK 038/19. Krav om at 1. etasje i område med «Blanda Formål» skal ha ei høgd på minst 4 meter har òg vore eit diskusjonstema, jf. ULK 024/20 i Gamle Hognestadvegen mellom 1900-huset og Orrevegen.

Nylege søknader frå utelivsbransjen har avdekt ein svakheit i sentrumsplanen. Planen gir ikkje tilstrekkelege føringar for korleis tiltak i dei offentlege romma, som til dømes torget (U1) ,skal sjå ut. Det er difor behov for å utforma føresegner for å kunna gi ønska føringar, t.d. gjennom å knyta dei opp mot ein formingsrettleiar som ein har mål om å utarbeida. Formingsrettleiaren vil vurderast i samanheng med gatebruksplanen som er under utarbeiding.

## **Parkering**

I møte den 18.02.2020 gjorde kommunestyret følgjande vedtak (KS 003/20):

*«Time kommunestyre vedtar at det ikkje blir etablert fellesanlegg for parkering i Bryne sentrum i kommunal regi nå.»*

*Kommunedelplanen for Bryne sentrum 2015 – 2026 blir vurdert endra med henblikk på ny parkeringssituasjon. Arbeidet blir sett i gang i løpet av 2020. Dette skjer saman med revisjon av føresegnene i kommunedelplanen der det er naudsynt, for å samordna desse med nyleg godkjende føresegner til arealdelen av kommuneplanen 2018 – 2030.*

*Igangsett arbeid med regulering av Storgata som gågate kan fortsetje, men eventuell opparbeiding av gata og vidare arbeid med gatebruksplan i Bryne vert utsett til kommunedelplanen for Bryne sentrum 2015 – 2026 er vurdert i høve pkt 2. i framlegg til vedtak.*

Det at fjellhallen ikkje blirrealisert er i seg sjølv ikkje ein grunn til å revidera sentrumsplanen. Planen har bygd inn eit system korleis tilrettelegging for parkering kan skje med eller utan parkeringsanlegg. Rekkefølgjekrava i sentrumsplanen sine

føresegner 5.4 og 5.5 inneber at ein først skal sjå på moglegheita til å få realisert ein fjellhall. Dersom det ikkje lar seg gjera, kan parkering i andre felles anlegg realiserast ved innfartsårar, jf. 21.2.5.3 og 21.9, dvs. under fotballbanen til Bryne FK, framfor Storstova og ved inngangen til M44. Ei slik parkeringsløyising med 3 mindre anlegg vil vera i tråd med sentrumsplanen, men vil gi ei dårlegare og dyr løyising som blir like vanskeleg å finansiere som ein fjellhall. Dessutan er det svært usikkert om dei mindre anlegga vil bli realiserte. Derom dei ikkje blir realiserte er det 10.2.6 som gjeld. Den seier at kvart prosjekt må løysa eigne parkeringsbehov på eiga tomt. Den siste løyisinga vil gi fleire bilar i sentrum enn sentrumsplanen har mål om.

Korleis ein kjem til å løysa parkeringssituasjonen i Bryne sentrum vil vera viktig for attraktiviteten til og aktivitetsnivået i sentrum, særleg i handlegata, men og for utforming av gatebruksplanen. Forhold til jernbanen og utviding til dobbeltspor og behov for parkeringsplassar vil òg ha forkus

Kor det blir vurdert som aktuelt, vil også temakarta kunna bli reviderte. Dette vil kunna gjelda temakarta «Aktive og opne fasadar», «Gatehierarki», «Grøne Byrom», «Ruter for mjuke trafikantar» og «Soneinndeling krav til parkering».

### **3. Nokre viktige førande dokument**

#### ***Nasjonale dokument***

**«Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging»** (Vedtatt ved kongeleg resolusjon 14 mai 2019): Seier noko om kva regjeringa forventar at kommunane skal leggja spesielt vekt på i planlegginga.

Nasjonal Transportplan 2018-2029 (evt 2022-2033) Nasjonal transportplan (NTP) presenterar regjeringens sin transportpolitikk. Viktige mål er effektiv bruk av verkemidde og styrka samspel mellom transportformene.

**«RPR om barn og unge sine interesser i planlegginga»** Gir føringar for korleis kommunen skal følgja opp barn og unge sine interesser i fysisk planlegging.

**«SPR for samordna bustad, areal- og transportplanlegging»** Gir føringar om samordning av bustad-, areal- og transportplanlegging for å oppnå samfunnsøkonomisk effektiv utnytting av ressursar, god trafikksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikla berekraftige byar og tettstader, leggja til rette for verdiskaping og næringsutvikling og fremje helse, miljø og livskvalitet.

**«SPR for klima- og energiplanlegging i kommunane»:** Skal sikra at kommunane bidrar til å nå dei nasjonale energi- og klimamåla. Her blir det lagt vekt på opne og naturbaserte løysingar for handtering av vassmengdene. Avvik frå dette må grunngjevast særleg.

**St.meld nr. 34 (2012-2013)** «Folkehelsemeldingen -God helse -felles ansvar»: Legg prinsippet «Helse i alt me gjer» til grunn, og peikar mellom anna på at omsynet til helse hos innbyggjarane skal få større plass i stads- og

nærmiljøarbeidet og samferdselspolitikken.

**St. meld nr. 23 (2001- 2002) «Bedre miljø i Byer og tettsteder»:** Konkretiserer overordna mål og prinsipp for utvikling av attraktive, miljøvennlige og funksjonelle byar og tettstader.

Meld. St. 16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken – Engasjement, bærekraft og mangfald. Framhev m.a. kulturmiljøets betydning for berekraftig utvikling gjennom eit eiga nasjonalt mål om at kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging.

### ***Regionale dokument***

**Regionalplan for Jæren og søre Ryfylke.** Regionen skal ha ei berekraftig by- og stadsutvikling basert på regionale heilskapsløysingar som effektiviserer arealforbruket og transportarbeidet, styrkjar verdiskapinga, sikrar natur og kulturverdiar, reduserer klimautslepp, og gir høg livskvalitet.

Planen skal bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale verkemiddel for å nå måla. Den legg felles og langsiktige rammer for arealbruk og transport i regionen. Eit eige handlingsprogram omtalar konkrete tiltak og prosessar som staten, fylkeskommunen og kommunane skal ha ansvaret for. Styringsverktøya i planen er retningslinjer og regional planføresegn om handel. Planen har ein tidshorisont til 2050.

**Fylkesdelplan for universell utforming:** Omtalar korleis ein på ulike samfunnsområde kan integrera universell utforming.

### ***Kommunale dokument***

#### **Kommuneplanen sin samfunnsdel (2015):**

Tek stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilhet og kommunen som organisasjon over en 12-årsperiode. Samfunnsdelen er retningsgjevande for kommunen sin vidare planlegging.

#### **Kommuneplan for Time kommune 2018-2030, Fase 1**

**Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026:** Handlar om tilrettelegging for aktivitet, nærleik til aktivitet, lav terskel for aktivitet, kvardagsaktivitet, begeistring og positive opplevingar og gir føringar for revisjon av arealdelen.

## **4. Utgreiingstema.**

### ***4.1. Eksisterande kartleggingar***

- Hydrologisk kartlegging Blasy/Øverland (2019)
- Fagnotat «Overvatn og klimatilpassing i Time kommune, 8. mai 2019»)

- Utkast til gatebruksplan og Tiltaksvurderingar i Arne Garborgs veg, Norconsult (2019)

#### 4.2. Behov for ny utgreiing

Det vil bli føretatt ein kvalitetssikring for å sjå om alle relevante føresegner, retningslinjer og omsynssoner, som t.d. vil kunna gjelda kulturminne, er tatt inn i overordna kommuneplan.

Tema handtering av overvatn er utgreidd i samband med revisjon av overordna Kommuneplan for Time kommune 2018-2030, Fase 1. Det vil bli vurdert om det er behov for å tilpassa dei aktuelle føresegna og retningslinjer til forholda i sentrum. Ei konsekvensutgreiing vurderast her til ikkje å vera naudsynt.

Vurdering av sentrumsplanen sin parkeringsstrategi/-løysing vil blivurdert og vil saman med ei eventuell ny parkeringsløysing inngå i ei konsekvensutgreiing. Forhold til jernbanen/dobbeltspor, mål om auka bruk av miljøvennleg transportmiddel og krav til HC-plassar vil ein m.a. ha fokus på. Ein risiko- og sårbarheitsanalyse vil kunna vera aktuell.

Det blir laga ein formingsssrettleier for offentlege rom i sentrum. Gatebruksplanen for Bryne vil bli ferdigstilt.

Det blir laga ein oversikt over prinsippa som har vore behandla politisk etter sentrumsplanen ble vedtatt. Forholdet til målsettinga i gjeldande sentrumsplan vil, saman med eventuelt behov for justeringar i føresegner og retningslinjer bli vurdert.

### 5. Organisering og medverknad

Styringsgruppa for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018-2030 vil òg vera styringsgruppe for dette arbeidet. Det vurderast ikkje å vera naudsynt med folkemøte, men det vil bli arrangert møte med Bryne næringsforeining / grunneigarar i Storgata og gater som ligg til.

### 6. Framdrift

1.gongs behandling planprogram	FSK 01.09.2020
Høyring av forslag til planprogram	07.09.2020 -18.10.2020
Godkjenning planprogram	FSK 27.04.2021
Vidare framdrift planarbeid og politisk behandling	hausten 2021/sommaren 2022